

Forskrift om frist for spreieing av gjødselvarer av organisk opphav for Austrheim, Fedje og Radøy kommunar, Hordaland.

Heimel: Fastsett av kommunestyre med heimel i lov 12. mai 1995 nr 23 om jord ( jordlova) § 3 og § 11 første ledd, jf forskrift 4. juli 2003 nr 951 om gjødselvarer mv av organisk opphav § 23 tredje ledd

FOR-2003-07-04-951-§23 – forskrift om gjødselvarer (spreietidspunkt)

### § 1. Føremål

Føremålet med kommunal forskrift om spreieing av husdyrgjødsel, silosaft mv., er å tilpasse spreietidspunkt til lokal praksis og veksttilhøve i regionen. Forskrifta skal sikre at gjødselvarane kan utnyttast best mogleg for planteproduksjon, samstundes som intensjonane i nasjonal husdyrgjødsel forskrift og vern mot avrenning og ureining av vatn og grunn vert oppnådd.

### § 2. Verkeområde

Forskrifta omhandlar alt jordbruksareal i Austrheim, Fedje og Radøy kommunar.

### § 3. Spreietidspunkt

Landbruksføretak med tilstrekkeleg spreieareal, kan spreie gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling på eng og anna grøde til og med 20. september.

For all spreieing av gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling etter 1. september, kan det maksimalt spreiest 2 kubikk/daa. Mot alle vassdrag skal det setjast att ei sone på minst 10 meter som ikkje skal gjødslast.

Kommunen kan, på dei vilkår som er nemnt i forskrift av 4. juli 2003 nr 951 om gjødselvarer mv av organisk opphav, gje løyve til seinare spreieing med enkeltvedtak, men ikkje seinare enn 1. oktober.

### § 4. Forskrifta trer ikraft straks.